



Innkalling av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 09.06.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 18.00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Merknad:

-På grunn av smittevernomsyn må dei som ønskjer å vera tilhøyrarar melda frå til politisk sekretariat på førehand.

Sakliste

Saknr	Tittel
020/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/20	Godkjenning av møteprotokoll – 28.04.2020
022/20	Særleg farleg skuleveg Meland
023/20	Forskotering av tilskot for 2022
024/20	Faste tilskot kultur
025/20	Tilskot til kunst, scene og kulturformidling
026/20	Tilskot mindre investeringar kulturbygg og anlegg i privat eige
027/20	Tilskot til musikk
028/20	Prosjekt- og aktivitetstilskot - kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020
029/20	Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsbygg i privat eige 2020
030/20	Tilskot til andre lag
031/20	Kulturstipend
032/20	Kultur - driftstilskot – idrettslag og friluftslivsorganisasjonar 2020
033/20	Kultur - prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – Idrett og friluftsliv
034/20	Idrettsstipend Alver 2020
035/20	Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd
036/20	Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd
037/20	Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020
038/20	Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring
039/20	Meldingar og orienteringar til OKK - 08.06.2020

2. juni 2020

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora Gjerde
møtesekretær

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
020/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 30.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
021/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

28.04.2020 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1380898
28.04.2020



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 28.04.2020
Møtestad: Teams
Møtetid: 12.00 - 13.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab, Mona Hagewick-tenesteleiar Barnehage, Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
--------------	---------------

015/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
--------	---------------------------------------

016/20	Godkjenning av møteprotokoll
--------	------------------------------

- 017/20 Forskrift om opptaksområde/ kringgrenser for grunnskulane i Alver kommune
- 018/20 Prioritering søknader lokale kulturbygg Vestland fylkeskommune
- 019/20 Meldingar og orienteringar til OKK - 28.04.2020

015/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28.04.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes

OKK- 015/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

016/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28.04.2020:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 10.03.2020 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 016/20 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 10.03.2020 er godkjent.

017/20: Forskrift om opptaksområde/ kringgrenser for grunnskulane i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 12. juni 2020.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28.04.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 017/20 Vedtak:

Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 12. juni 2020.

018/20: Prioritering søknader lokale kulturbygg Vestland fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følgjer:

- (1) Ungdomslaget Varden: rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun
- (2) Manger ungdomslag: kjøkentalbygg til Solvang Ungdomshus
- (3) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28.04.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 018/20 Vedtak:

Innstilling i OKK - 28.04.2020:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følger:

(1) Ungdomslaget Varden: rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun

(2) Manger ungdomslag: kjøkenbygg til Solvang Ungdomshus

(3) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

019/20: Meldingar og orienteringar til OKK - 28.04.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28.04.2020:

Behandling:

Orienteringane i høve oppfølging av verbabpunkt vart gjevne av Mona Hagewick-tenesteleiar Barnehage og Ørjan Raknes Forthun-rådmann. Orientering i høve status korona-situasjonen generelt i Alver og for ansvarsområde Oppvekst spesielt vart gjevne av Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst.

OKK- 019/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Arkiv: FA-B09, FE-041, TI-&00
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 27.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
021/20	Ungdomsråd	02.06.2020
022/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
	Alver kommunestyre	

Særleg farleg skuleveg Meland Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Analysereporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Ungdomsrådet 02. juni
Saka kjem opp i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09. juni
Saka skal endeleg avgjerast i Kommunestyret 25. juni.

Bakgrunn

Utdrag frå Opplæringslova kapittel 7 og 13 – Skyss og ansvar

§ 7-1.Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

§ 13-4.Ansvaret for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Saksopplysningar:

Elevar kan ha rett til skyss til og frå skulen av ulike grunnar. Det kan t.d. vera på grunn av lang skuleveg, funksjonsnedsetjing, midlertidig skade eller sjukdom eller særleg vanskeleg eller farleg skuleveg. Hovudregelen er at det er fylkeskommunen som har ansvar for skuleskyssen.

Vedlegg i saken:

27.05.2020 Rapportanalyse særleg farleg eller vanskeleg skuleveg - 1397220
Meland



Arkiv: FA-B09, FE-041, TI-&00
JournalpostID: 20/30533
Saksbehandler: Leif Bjørnar Hopland
Dato: 27.05.2020

Saksframlegg

--	--	--

Særleg farleg skuleveg Meland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Analyserapporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Ungdomsrådet 02. juni

Saka kjem opp i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09. juni

Saka skal endeleg avgjerast i Kommunestyret 25. juni.

Bakgrunn

Utdrag frå Opplæringslova kapittel 7 og 13 – Skyss og ansvar

§ 7-1.Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

§ 13-4.Ansvaret for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølge og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølge og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Saksopplysningar:

Elevar kan ha rett til skyss til og frå skulen av ulike årsaker. Det kan t.d. vere på grunn av lang skuleveg, funksjonsnedsetjing, midlertidig skade, sjukdom, særleg vanskeleg eller farleg skuleveg. Hovudregelen er at det er fylkeskommunen som har ansvar for skuleskyssen. Retten til fri skuleskyss på grunn av lang skuleveg gjev mange skyss på fylkeskommunale vilkår. Avstandskravet er 2 km for 1. trinn og 4 km for 2.-10. trinn.

Kommunen har ansvar for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskolen som ikkje har rett til skyss på grunn av lang skuleveg. I praksis innafor 4 km avstand til kvar skule. Barn som oppheldt seg i trafikken, vil alltid vere utsett for ein viss fare, og det kan ofte vere utfordrande for barn å forhalde seg til trafikk. For å få rett til gratis skuleskyss, må det liggje

føre ein «særleg risiko». Dette betyr at trafikutfordringane på vegen er større enn det ein kan forvente at eleven meistrar (jfr. Retten til skyss UDIR- 2-2019).

Når ein vurderer om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg, må det gjerast både ei objektiv og ei subjektiv vurdering.

For å gje ei objektiv vurdering, må ein kartleggje alle relevante forhold ved vegen og trafikkforholda og vurdere om dette er «særleg farleg eller vanskeleg». Ved ei subjektiv vurdering, vurderer ein om den einskilde elev har føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbilete.

For å gjere ei slik vurdering treng ein informasjon om veg- og trafikkforholda kring kvar skule i Alver. For Lindås kommune fekk ein i 2016 foretatt ein analyserapport av særlege farlege skulevegar, utført av Norconsult A/S. Denne analysen var eit av grunnlaga for vedtatt kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020. Tilsvarende analyserapport av Norconsult A/S vart gjennomført i Radøy kommune for skulevegane innafor 4 km i 2019. Begge desse analyserapportane er vedtatt nytta som grunnlag i sakshandsaminga for å kunne gjere ei best mogleg og objektiv vurdering i samband med handsaminga av søknadar om fri skuleskyss.

Det er no også gjennomført analyserapport for skulevegane til Sagstad, Vestbygd, Grasdøl, Rossland og Meland ungdomsskule i tidlegare Meland kommune. Analysen er gjennomført av Norconsult A/S og er basert på tilsvarende kriterie som analysen av skulevegen i Lindås og Radøy. Strekningane/punkta som er vurderte som særleg farleg eller vanskelege i rapporten, er vurdert for alle grunnskuleelevar, og i tillegg særskild for elevar på 1.- og 2. trinn. For 1. – 2. trinn er det primært skilt utom strekningane har eit tilbod for mjuke trafikantar i dag. Ulike føresetnader, samt alder på elevane, vil kunne bety at det er fleire strekningar/punkt enn det som er vist til i rapporten, som kan vurderast som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for einskildelevar.

Resultatet som er presentert i rapporten er basert på dagens vegstandard. Dersom det vert gjort utbetringar og tiltak på aktuelle strekningar, må det gjerast ei ny vurdering av desse for eventuelt å fjerne markeringa som særleg farleg skuleveg. I rapporten er det laga eit forslag til ein tiltaksplan for å redusere omfang av særleg trafikkfarleg skuleveg.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur har 10.03.2020 vedtatt prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune.

Ved å ta i bruk analyserapporten for skulevegane i Meland i sakshandsaming, vil ein ha eit likt grunnlag for vurdering av alle vegstrekka i Alver når ein skal vurdere søknader om skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Arkiv: FE-223, FA-A10
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 29.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
023/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Forskotering av tilskot for 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune forskotterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Barnehagane i Alver kommune har hatt auka utgifter knytt til reinhald, overtid, vikarbruk, møteverksemd og desinfeksjon grunna Korona-pandemien. Dei private barnehagane har tilsvarende ekstraordinære utgifter som dei kommunale.

Det har vore gjennomført møte mellom representantar for dei private barnehagane og rådmannen, der dei private barnehagane fremja forslag om å forskotere ein del av tilskotet for 2022. Til vanleg ville dei private barnehagane fått dette kompensert i tilskot for 2022, men sidan vi no står i ein ekstraordinær situasjon, ønskjer rådmannen å kompensere dette til dei private barnehagane i 2020. I praksis betyr dette at tilsvarende sum som blir forskotert i 2020 blir trekt frå i ramma for berekning av tilskot for 2022.

For å berekne sum på det forskoterte tilskotet har kommunen kartlagt sine meirutgifter for barnehage knytt til Covid-19. Dei kommunale utgiftene utgjer i sum kr. 1 160 000 til auka reinhald, auka bemanning drift barnehage og innkjøp smittevern. Forskotert tilskot til dei private barnehagane utgjer då kr. 2 898 109, runda opp til kr. 2.900.000.

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 29.05.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
024/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Faste tilskot kultur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sak om kommunal driftstilskot til lag/foreiningar i Alver kommune, vert lagt ut til offentleg høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

I tråd med Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (Kulturlova) skal kommunane sikre eit breitt lokalt kulturtilbod.

I strategi- og styringsdokumentet for Alver kommune er kultur og frivilligheit ein av berebjelkane for framtidig planlegging og samfunnsutvikling. Eit av dei strategiske utviklingsområda er *lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit*

Hovudmålet for strategien er i siste ledd *Alver skal bygge vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.*

Vidare skal vi mellom anna arbeide etter følgjande strategiar:

- Leggje til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet. Dette vil også gjelda for eksisterande bygder.
- Sikre ei heilskapleg utvikling av kultur- og idrettsarenaer, og vidareutvikle etablerte og planlegge for nye arenaer
- Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet
- Leggje til rette for at frivillig arbeid får føreseielege rammer, og arbeide for at fleire engasjerer seg i frivillig arbeid

Prosessane knytt til utarbeiding av ny samfunnsdel av kommuneplanen for Alver vil omhandle kultur- og idrettsfeltet. Planstrategien for Alver legg vidare opp til ein eigen kulturplan. Desse planane vil vere med å legge grunnlaget for kultur- og idrettspolitiske prioriteringar som del av ei heilskapleg samfunnsutvikling i Alver.

Kulturfeltet er viktig for å skape gode nærmiljø. I Alver kommune har vi eit mangfald av

lag/organisasjonar innan kultur- og idrettsområdet, der fleire lag utmerkar seg på særskilt høgt nivå, både nasjonalt og internasjonalt, og er å rekna som fyrår innan sitt felt.

Dei ulike tilskotsordningane (også kalla kulturmidlar) er Alver kommune sitt viktigaste bidrag til finansieringa av kulturlivet og skal såleis fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv.

I økonomiplan for 2020 har kommunestyret sett opp verbalpunkt. Kommunestyret ber om at følgjande punkt vert vurdert: *finansieringa av elitekorpsa i kommunen med mål om likebehandling.*

Samstundes er det kuttet 200 000 til samarbeid om stilling ved Museumssenteret i Hordaland (MuHo), som gjer at ein må sjå det samarbeidet på nye måtar.

Dei gamle kommunane ytte faste tilskot over kulturbudsjetta til fleire mottakarar, mellom anna Manger musikklag, Vestnorsk utvandringssenter og Knarvikmila. Tilskot over lang tid må festast i avtaleverk, men gir lite handlingsrom for partane ved endra behov eller prioriteringar utan at heile avtalen må reviderast. I framlegga til samarbeidsavtalane med Alver idrettsråd og Alver kulturråd er storleiken på tilskotet ikkje definert, men skal årleg behovprøvast.

Fleire større offentlege aktørar har tilskotsordningar som omfamnar problemstillingane knytt til dette, der anten avtalar eller kultur- og idrettspolitiske prioriteringar gjennom planverket kvalifiserer partar for tilskot. Desse tilskota vert årleg behovsprøvd og rapportert, og gitt etter prosess i samband med økonomiplanarbeidet. Søkjarar vil søkje våren året før tildeling, til dømes i forkant av økonomiplanhandsaminga i 2021 for tilskot i 2022.

Målet med ei slik ordning i Alver må vere å skape ei føreseieleg og gjennomsiiktig ordning, som står i høve dei lokale kultur- og idrettspolitiske prioriteringane som vert gitt når det gjeld aktørar som har stått i posisjon for faste tilskotsavtalar i dei gamle kommunane.

Saksopplysningar:

I Alver kommune har vi nokre lag som utmerka seg ekstraordinært. T.d. har korps kommunen Alver to elitekorps i verdsklasse vi har idrettslag som arrangerer store arrangement som set Alver kommune på kartet langt utover kommunegrensa. Desse laga står fram som fyrår innan sitt felt.

Tidlegare Radøy kommune hadde ei ordning om kommunal driftstilskot til Manger musikklag. Dette utgjorde eit årleg tilskot på kr 75.000. Dette driftstilskotet utgjorde eit viktig bidrag for føreseieleg økonomi i laget til framleis satsing på elitenivå.

Kommunal driftstilskot skal ha eit langsiktig, strategisk preg og gå som hovudregel til varige føremål. I dette ligg at verksemda har ei tyding for kulturlivet i kommunen/regionen, som inneber at kommunen – ut frå vedtekne kulturpolitiske målsettingar – bør medverke økonomisk til drifta.

Eventuelle søknadar skal behandlast i budsjettprosessen. Det er til ein kvar tid gjeldande budsjetttramme som avgjer tildelingssum.

Nedanfor finn ein oversikt over gjeldande avtaler om kommunal driftstilskot

- Alver kommune har avtale om tilskot til Knarvikmila. Dette arrangementet engasjerer mange hundre frivillige og tiltrekker seg 6-8.000 aktive kvart år. Knarvikmila er òg meir enn eit idrettsarrangement. Dette er ei veke med både

kultur- og idrettsarrangement.

Avtalen gjeld førebels ut 2020.

- Stolpejakt. Ein svært populær aktivitet som fremjar folkehelse og lokalkunnskap. Knarvikmila driv dette prosjektet med tilskot frå Alver kommune. Alver kommune bistår med lokalkjennskap.

Kven kan søkje

Aktørar innan kunst-, kultur-, friluft- og idrettsfeltet med hovudaktivitet i Alver kommune vil kunne søkje. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell), ha eit tydeleg føremål innan kunst, kultur og idrett og ha sterk lokal eller regional verdi, det vil seie verdi for heile eller store deler av Alver kommune og regionen elles.

Kva kan ein få støtte til

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Det er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar og grunngjeve ut frå dei kommunalpolitiske målsettingane på feltet, når den ligg føre.

Tilskotet har eit langsiktig, strategisk preg og går som hovudregel til varige føremål. I dette ligg at verksemda har ei tyding for kulturlivet i kommunen/regionen, som inneber at kommunen – ut frå vedtekne kulturpolitiske målsettingar – bør medverke økonomisk til drifta.

Kommunalt driftstilskot vil først og fremst rette seg mot verksemder/aktørar i Alver kommune. Dette omhandlar verksemder/aktørar både innan det frivillige og profesjonelle kultur- og idrettsfeltet.

Søknadsprosess

Aktuelle lag/organisasjonar må søkje kvart år innan 01. mars Søknadane skal behandlast i budsjettprosessen. Det er til ein kvar tid gjeldande budsjetttramme som avgjer tildelingssum.

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
025/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Tilskot til kunst, scene og kulturformidling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommune delar ut midlar til frivillige lag/organisasjonar gjennom ulike tilskotsordningar, også kjend som *kulturmidlar*

Lag/organisasjonar kan søkje tilskot til prosjekt 2 gongar i året – 01. mars og 01. september. Det som er att av midlar etter hovudtildelinga, vil gå til hausttildelinga.

Covid 19 pandemien

Søknadene er så langt råd er, behandla ordinært, dvs at ein ikkje har vurdert om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje grunna Covid 19 pandemien. Unntak for dette er «Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps og musikklag».

Ein del arrangement/prosjekt som pga covid 19 er utsett i vår, vert om mogeleg gjennomført i haust.

Saksopplysningar:

Rådmann sine overordna kommentarar til innstillinga

Ut frå føremålet med ordninga med tilskotsmidlar, er det sett opp kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettighetsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på gjelande kriteria.

Løyvingane til kulturarbeid i Alver kommune har som målsetting:

- styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet.
- å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald

- å gje alle høve til å oppleve og delta i kultur og idrettsaktivitetar

Utdrag frå «Retningsliner for kommunal støtte (kulturmidlar) til organisasjonar», der følgjande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane:

Prioriterte grupper; aktivitetar og samarbeidsprosjekt som rettar seg mot og/eller inkluderer

- barn og ungdom (til og med det året dei fyller 20 år)
- menneske med nedsett funksjonsevne
- flyktningar/innvandrarak
- eldre

Driftsmidlar til helserelevante lag/organisasjonar vil ikkje bli prioritert ved tildeling av kulturmidlar.

Regionale/fylkesorganisasjonar og organisasjonar frå andre kommunar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerka verksemd i Alver kommune,

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettighetsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Forslag til tildeling vil alltid ha eit element av skjønsmessige vurderinga, der ein tek omsyn til aktivitet som lag/organisasjon driv.

Alver kulturråd har hatt saka til høyring. Høyringsnotat datert 26.05.20 er vedlagt saka.

KATEGORI KUNST, SCENE OG KULTURFORMIDLING

Ordninga skal støtte drift og aktivitetar innan det frivillige kunst-, scene og kulturformidlingsfeltet.

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Det er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar.

Driftstilskot

	Grunntilskot	Medlem under 19 år	Medlem over 20 år	Antal arr 0 -40	Antal arr 41-60	Antal arr 61-80	Antal arr 81+
Lag/organisasjon	10000	200	100	1000	2000	3000	4000

Utrekningsmodell som vert nytta ved utrekning av tilskot.

Tilskot til prosjekt

Det er ingen utrekning på tilskot til prosjekt. Forslag til tildeling vil alltid ha eit element av skjønsmessige vurderinga, då prosjekt kan vere relativt ulike i innhald og omfang

KUNST, SCENE OG KULTURFORMIDLING						
Driftstilskot						
20/5498						
Lag og organisasjonar	Medlem 0-19	Medlem 20+	Antal arr	Søknadssum	Innstilling	Merknad
4KDW25	Knarvik gamaldanslag	0	26	40	8000	8000 Drift.
GN5SGA	Lindås seniordans	0	14	28	6000	6000 Drift av seniordans
QV3UIU	Nordhordland husflidslag	1	106	120	40000	27500 Drift. Husflidsaktivitetar
Y7563J	Meland jazzkafe	0	20	9	20000	15000 Drift
4FYCQB	Nordhordland kunstlag	2	44	18	15000	12000 Drift.
W7UM56	Strilaringen	0	24	32	6000	6000 Drift
JTCBQR	Musikkens venner Nordhordland	0	188	10	65000	20000 Drift
T353C8	Bygdeboknemd for Lindås sokn	0	12	2	8000	8000 Drift
D5W45M	Meland mållag	0	15	25	15000	8000 Drift
PFBYA8	Strilen artist og viseklubb	15	90	160	20000	15000 Drift
						125500
Tilskot til prosjekt						
20/5654						
Lag/organisasjon	Budsjett	Anna inntekt	Søknadssum	Innstilling	Merknad	
I4BQZN	Galleri Gamleskolen v/Gro Fyllings	365000	307500	30000	20000	Teateroppsetting på Husmannsplasen i Vikje; : Herman og Huldra
83STNQ	Bygdekinoen Lyngheiseret, på Lygra	29000	0	29000	25000	Drift. Bygdekinotilbodet drives i samarbeid med Lyngheiseret. Kinoen går med årleg underskot.
8T3YGP	Kløvheim ungdomslag	322147	300000	30000	25000	Dekke underskot ved drift av Nyheim Kino Fammestad
YQNXZV	Nordhordland kunstlag	63200	49000	14000	10000	Ungdomsprosjekt opplæring i teknikker som er mye benyttet i gatekunst. Prosjekt knyttet til området rundt Meland ungdomsklubb og Meieriet
						80000

Vedlegg i saken:

02.06.2020

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2020 (003)

1398940

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
026/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Tilskot mindre investeringar kulturbygg og anlegg i privat eige

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Bakgrunn

Alver kommune delar ut midlar til frivillige lag/organisasjonar gjennom ulike tilskotsordningar, også kjend som *kulturmidlar*

Lag/organisasjonar kan søkje tilskot til prosjekt 2 gongar i året – 01. mars og 01. september. Det som er att av midlar etter hovudtildelinga, vil gå til hausttildelinga.

Covid 19 pandemien

Søknadene er så langt råd er, behandla ordinært, dvs at ein ikkje har vurdert om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje grunna Covid 19 pandemien. Unntak for dette er «Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps og musikklag».

Ein del arrangement/prosjekt som pga covid 19 er utsett i vår, vert om mogeleg gjennomført i haust.

Saksopplysningar:

Rådmann sine overordna kommentarar til innstillinga

Ut frå føremålet med ordninga med tilskotsmidlar, er det sett opp kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettighetsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på gjelande kriteria.

Løyvingane til kulturarbeid i Alver kommune har som målsetting:

- styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet.
- å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald

- å gje alle høve til å oppleve og delta i kultur og idrettsaktivitetar

Utdrag frå «Retningsliner for kommunal støtte (kulturmidlar) til organisasjonar», der følgjande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane:

Prioriterte grupper; aktivitetar og samarbeidsprosjekt som rettar seg mot og/eller inkluderer

- barn og ungdom (til og med det året dei fyller 20 år)
- menneske med nedsett funksjonsevne
- flyktningar/innvandrarakar
- eldre

Driftsmidlar til helserelevante lag/organisasjonar vil ikkje bli prioritert ved tildeling av kulturmidlar.

Regionale/fylkesorganisasjonar og organisasjonar frå andre kommunar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerka verksemd i Alver kommune,

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettighetsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Forslag til tildeling vil alltid ha eit element av skjønsmessige vurderinga, der ein tek omsyn til aktivitet som lag/organisasjon driv.

Alver kulturråd har hatt saka til høyring. Høyringsnotat datert 26.05.20 er vedlagt saka.

KATEGORI TILSKOT TIL MINDRE INVESTERINGAR KULTURBYGG OG ANLEGG

Ordninga skal støtte mindre investeringar i kulturbygg og vere med å sikre eigna lokale for ulike kulturelle verksemd i Alver. Det er søkt om totalt kr 1.289.000. Rådmann innstiller på kr 330.500. Fleire av dei prosjekta det vert søkt om, er omfattande og kostnadskreivjande prosjekt. Fleire søkjar ekstern støtte andre stadar for finansiering. Mange lagshus er bygget på 50- og 60 talet, og krev store løft for å få huset oppdatert til dagens standard når det gjeld sanitæranlegg, kjøken, el-anlegg, tak osv.

Tilskott til mindre investeringar kulturbygg og anlegg							
20/5506							
Ref ni	Lag/organisasjon	Søkes om	Budsjet	Eigeand	Søknad	Innstill	Merknad
MVANE3	Ungdomslaget Solglytt	Varmepumpe og evt. panelovn	10 000	0	10 000	5 000	
Q87V7Z	Haugatun samfunnshus	Energisparingstiltak (smartstyring av varmepumper, lys, isolering) og fornying/renovering av entré	100 000	40 000	60 000	24 000	Eigenandel inkluderer kr. 20.000 frå SPV og kr. 10.000 frå lokalt næringsliv
SQUS6I	Laget Vovheim (Marøy Grendahus)	Reparasjon av nordre og austre vegg	80 000	40 000	40 000	20 000	
YNZWPY	Kløvheim ungdomslag	Oppføring av nytt påbygg (teknisk rom m/varmepumpe, el-anlegg og garderobe)	396 000	100 000	396 000	50 000	Søknadssum er 396.000 kr (dokumenterte utgifter frå Kålås bygg), finansieringsplan seier: dugnadstimar kr. 100.000, egne midlar kr. 100.000 og bidrag frå andre kr. 50.000, totalt kr. 250.000.
ARJD48	Manger ungdomslag	Innredning til kjøken i nytt tilbygg	200 000	125 000	75 000	27 500	
U3SU5D	Nordre Austbygd Vel	Nytt inventar, fortrinnsvis nye bord	25 000	10 000	15 000	7 500	
QNE5M6	Ungdomslaget Varden	Etterisolering av loft for straumsparing	65 000	0	65 000	25 000	Oppgir 30.000 kr i dugnadsarbeid som del av samla utgifter
NGGXHK	Frekhaugmarka vel	Komfyr, kjøleskap og oppvaskmaskin til nytt vellagshus	21 000	0	21 000	10 000	
STTB5T	Ungdomslaget Heimhug (Ljosheim)	Rullestolrampe m/rekkverk, oppmerking av parkeringsplassar, utskifting av loftsindaug og nye taklampar	50 000	0	50 000	20 000	Søknad sendt frå Kristine Fammestad
KQHKRS	Ungdomslaget Sambygdingen	Utbetring av kjøken (steikeovn og benkeplate m/utslagsvask) og utbetring av elektrisk anlegg	40 000	0	40 000	22 000	
G3HIP2	Vågenes bygdelaag	Kjøkenutstyr: Steikeovn og dekketøy	13 000	0	13 000	7 000	
FC523J	Zing Zang	Øvingsrom/konserteral	50 000	30 000	20 000	0	Kommersiell aktør
XUD22B	Ungdomslaget Nybrot	Bore etter vann	125 000	0	125 000	35 000	Vannhull i dag på beiteområde
JTFGHB	Vestre Vassbygd grendahus	Oppgradere uteområde	10 000	0	10 000	5 000	
FMG45H	Stiftinga Nordgardsløa	Skifte av møne og reparering av sløyser grunna lekasje	25 000	0	25 000	12 500	
CDA8DH	Meland mållag	Setje i stand Elias Mjåtveit huset	91 562	66 562	25 000	15 000	Delprosjekt
R64Z26	Vågenes bygdelaag	Søklar midlar til lydanlegg	9 000	0	9 000	5 000	
XTEPQP	Meland musikklag	Fjerning av oljetank, supplering av bord, gulvvaskemaskin, nye moppe-	290 000	0	290 000	40 000	
		stativ til gulvask, frysenskap, nytt inventar kjøkken/kjøkkenutstyr mm					
					1 289 000	330 500	

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
027/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Tilskot til musikk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det går fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommune delar ut midlar til frivillige lag/organisasjonar gjennom ulike tilskotsordningar, også kjend som *kulturmidlar*

Lag/organisasjonar kan søkje tilskot til prosjekt 2 gongar i året – 01. mars og 01. september. Det som er att av midlar etter hovudtildelinga, vil gå til hausttildelinga.

Covid 19 pandemien

Søknadene er så langt råd er, behandla ordinært, dvs at ein ikkje har vurdert om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje grunna Covid 19 pandemien. Unntak for dette er «Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps og musikklag».

Ein del arrangement/prosjekt som pga covid 19 er utsett i vår, vert om mogeleg gjennomført i haust.

Saksopplysningar

Rådmann sine overordna kommentarar til innstillinga

Ut frå føremålet med ordninga med tilskotsmidlar, er det sett opp kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettigheitsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på gjelande kriteria.

Løyvingane til kulturarbeid i Alver kommune har som målsetting:

- styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet.
- å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt

Tilskot til drift av vaksenkorps og andre musikklag

Tilskotsordninga gjeld driftstilskot til amatørbaserte kor, vaksenkorps og andre musikklag der medlemmane i hovudsak er over 19 år.

	Grunntilskot	Medlem under 19 år	Medlem over 20 år	Antal arr 21-40	Antal arr 41-60	Antal arr 61-80	Antal arr 81+
Korps	30000	200	100	1000	2000	3000	4000
Kor	5000	200	100	1000	2000	3000	4000

Utrekningsmodell som vert nytta ved utrekning av tilskot.

Kommentar: Manger musikklag og Eikanger-Bjørsvik musikklag er dei to elite korps vi har i Alver kommune. Kultursjefen ønskjer å prioritere desse korpsa med kr 75.000.

Tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag					Ca tal på faste			
Søknad om driftstilskot til lag og organisasjonar	Medlem 0-19	Medlem 20+	Buset andre kommunar	øvingar, treningar eller møter	Søknadssum	Innstilling	Merknad	
SJVKQT Meland pensjonistkor	0	15	0	22	10000	9000	Drift	
7JID6C Oster Brass	4	26	5	60	70000	37000	Drift	
4BZQ8D Leiknes blåseorkester	0	16	1	35	15000	10000	Drift	
ZXKPJ7 Radøy Brass	6	21	1	54	50000	37000	Drift	
JPXKBS Hjelmås mannskor	0	22	1	40	15000	9500	Drift	
TQEFAX Manger musikklag	3	12	24	120	150000	75000	Drift	
3BDH3F Manger Old Stars Brass	0	30	2	40	30000	25000	Drift	
7VV84M Radøy damekor	0	20	0	40	30000	8000	Drift	
YR6I42 Felix, Den norske kirke Frekhaug	0	15	0	20	5000	4500	Drift	
CJQ63A Skala brass band	0	12	8	32	50000	18000	Drift	
YEZAVT Lindås brass	2	24	4	52	25000	22000	Drift	
YG452M Seim songkor	0	30	0	40	25000	12500	Drift	
WT68KY Eikanger/Bjørsvik musikklag	0	9	37	120	75000	75000	Drift	
QJKG3I Songkoret Albatross	0	25	0	40	50000	15000	Drift	
ICJETE Osterfjorden sokn	0	44	3	75	7000	6500	Drift. Vaksenkor/pensjonistkor	
EQU2GR Knarvik Gospel	0	34	2	21	10000	8500	Drift	
8MR4RJ Songlaget Alvidt/Manger	0	20	0	35	9000	8000	Drift	
IWK5EZ Seim musikklag	0	29	0	60	25000	10000	Drift	
WKZYWG Lindås songlag	0	24	1	40	25000	8500	Drift	
T2BV3J Meland musikklag	5	31	2	47	150000	36500	Drift	
Post Hardanger spelemannslag	0	0	0		6000	0	Folkemusikkhelg i Granvin	
ZGPAVE Alversund kammerkor	0	31	4	38	50000	25000	Drift. Kor med program med klassisk mus	
NI3X3R Alverkoret	0	43	1	41	30000	12000	Drift	
X7757B Alversund musikklag	6	17	5	40	30000	30000	Drift	
						502500		

Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps og musikklag

Rådmann sin innstilling: kr 0

Kommentar: Ein har ønskja å prioritere drift og aktivitet- og prosjekt, framfor reisetilskot til konkurransar som ikkje blir arrangert grunna Covid 19.

Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps, kor og musikklag					
Lag	Budsjett	Eigeandel	Søknadssum	Innstilling	Merknad
Manger r	312000	262000	50000	0	Deltaking på French Open i Amboise, Frankrike
Eikanger-l	540000	470000	70000	0	EM i brassband Planga, Litauen 1.-2. mai
Meland m	125130		50000	0	NM for janitsjarkorps i Trondheim i mars
	TOTALT		170000	0	

Tilskot til kulturprosjekt

Rådmann sin innstilling: kr 200.000

Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Søknadar vert basert på prosjektbeskriving. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast tilskot eller som underskotsgaranti

Kommentar: Følgjande lag/organisasjon søkjar underskotsgaranti

Namn	Rådmann si innstilling	Merknad
Øyvind Aase	10000	Jubileumskonsert for Bethoven (1770-1827)
Knarvik sokn	5000	Foredrag
Knarvik gospel	5000	Konsert
Nordhordland song- og musikkverkstad v/Kjersti Wiik	10000	Littlejulaftakonsert i Knarvik kyrkje Søkjar i utgangspunktet kr 30.000 i tilskot. Søknaden vert vurdert til underskotsgaranti inntil kr 10.000

Tilskot til kulturprosjekt							
Lag/organisasjon	Budsjett	Eigeandel	Søknadssum	Innstilling	Merknad		
VUC8JX	Øyvind Aase	180000	110000	10000	10000	Underskotsgaranti	Bethoven jubileumskonsert (1770-1827) 250 år
FEEDX	Øyvind Aase	188800	110000	50800	25000		Bethoven jubileumskonsert i okt. 2 konsert. Nordhordland folkehøgskole
MDHY8W	Knarvik sokn	26250	26250	5000	5000	Underskotsgaranti	
AX2HXJ	Oster Brass	45000	10000	50000	0		Utvikle korpset
YEQRQE	Meland jazzkafe	166000	108000	40000	22000		8-10 jazzkonsertar. Eneste jazzklubb i Nordhordland
J7WS8V	Kyrkjeklubben	6000	3000	6000	4000	Vårkonsert og haustkonsert	
RFISQ7	Meland pensjonistkor	35000	16000	10000	0		Søker tilskot til utg til ny dirigent, marknadsføring og rekruttering = drifts
H5EVDU	Linda Rødseth Sandhåland	196238	96238	100000	50000		Folkesongverkstad for born og lærare på småtrinnet i Alver kommune
Epost	Meland musikklag				0		Nyttårskonsert 09. januar Knarvik kyrkje. Søkte 11.12. til meland kommu
VG8GTS	Ostereidet skulemusikk	30000	0	30000	9000		Korpset 50 år - jubileumskonsert
B3SWTW	Seim songkor	137000	102000	35000	10500		2 konsertar basert på Aslaug Låstad Lygre
EYPR6E	Eikanger/Bjørsvik musikklag	252000	65000	15000	4000		4 dg ferispel for ca 120 unge musikantar
2UM571	Manger skulemusikklag	6000	5000	5000	4500		Før-NM konsert m/Manger musikklag og damsgård skoles musikkorps
JNNVB6	Knarvik Gospel	38395	50000		5000	Underskotsgaranti	
556CHW	Nordhordland song & musikk- verkstad v/Kjersti Wiik	75000	45000	30000	8000		Littlejulaftakonsert i Knarvik kyrkje - underskotsgaranti
X3CEB7	Manger musikklag	119000	89000	30000	9000		Konsert 15.03. med artister fra Alver, bl.a Rune Alver og Lydia Tjore
VYM5T7	Galleri gamleskulen/Gro Fyllingsnes	15000	5000	10000	6000		Kunstrunde i Alver Palmehelgen
GQZE8Z	Ungdomslaget Nybrot	20000	30000	10000	4000		Samarbeid med Skodvin skulemusikk om "vi over 60" arr.
PBRY4	Kristin Minde Kråkenes	37800	18700	20000	6000		Konsert på Meieriet i juni
YZA5K3	Eikanger/Bjørsvik musikklag	72000	52000	20000	4000		10-12 unge musikanter som får individuell oppfølging i ett år. Konsert i Fana kulturhus
GY2IHG	Alversund musikklag	25900	6000	20000	6000		Samarbeid med Alversund skulekorps
DCK24C	Nicolay Leganger	244000	49000	30000	8000		Lydfeiting av strykekvartett fra Harmonien i Myking kyrkje av Nicolay Legangers album "Østenfor håp og og vestenfor glede"
					200000		

Vedlegg i saken:

29.05.2020

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2020 (003)

1398643

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
028/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Prosjekt- og aktivitetstilskot - kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling prosjekt- og aktivitetstilskot – kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020 slik det ligg føre i saka

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Kommunestyret i Alver kommune vedtok i møte 19. desember 2019 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga *Tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur*, som hadde søknadsfrist 1. mars. Retningslinjene seier at ordninga skal støtta kulturvernarbeid, samlingar og ivaretaking av lokal immateriell kultur.

Det er sett av 200 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. Det er ny søknadsrunde med frist 1. september.

Saksopplysninger:

Retningslinjene for dei kommunale tilskotsordningane innan kultur, idrett og friluftsliv har som målsetjing:

- styrkja fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet
- å stimulera til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald
- å gje alle høve til å oppleve og delta i kultur- og idrettsaktivitetar

Aktivitetar og prosjekt som rettar seg mot og/eller inkluderer følgjande grupper skal prioriterast:

- barn og ungdom (til og med det året dei fyller 20 år)
- menneske med nedsett funksjonsevne
- flyktingar/innvandrarar
- eldre

Covid 19

Søknadene er så langt råd er, behandla ordinært, dvs at ein ikkje har vurdert om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje grunna Covid 19 pandemien. Ein del arrangement/prosjekt som var planlagt i vår, vert om mogeleg gjennomført i haust.

Presentasjon av søknadene

Det kom inn 14 søknader innan fristen.

Søklar	Tiltak	Kostnad	Søknadssum	Tilskot
Christer Steffensen	Dokumentasjonsprosjekt om gruver på Vestlandet. Søkjer støtte til reiser og innkjøp av utstyr.	95 366	15000	0
Holsnøy kystlag	Rehabilitering og kunnskapsformidling av enkle trebåtreparasjonsoppgaver.	25 000	25 000	10 000
Kystsogedagane på Holmeknappen	Gjennomføring av dei tradisjonsrike Kystsogedagane i Holmeknappen.			25 000
Linda Røyseth Sandhåland	Oppretting av ei digital folkesongbok på Internett med songopptak, tekstar, notar og historiar slik at born og unge i dag og i framtida kan verta kjende med si lokale, klingande kulturarv.	144 287	50 000	20 000
Lindås sogelag	Etablering av postmuseum på Feste skule	30 000	30 000	10 000
Lindås sogelag	Lindås sogelag eig ein austfjordbåt frå kring 1890. I 2010 sette Lindås sogelag i gong eit prosjekt for å samla inn pengar for å byggja ein kopi av båten. Seinare kom Radøy sogelag, Meland sogelag og Lyngheisenteret med. Båten skal brukast til å læra born og unge til å ro og segla slike gamle båtar.	628 250		30 000
Meland mållag	Elias Mjåtveit-festivalen. Seminar, festkonsert og kurs. Seminaret handlar om kulturarv. Festkonserten er via til Elias Mjåtveit som var spelemann, diktar og skribent frå Mjåtveit på Holsnøy. Kurset skal ta føre seg folkemusikk eller dans.	38 500	25 000	15 000
Nord- og Midhordland sogelag	Søkjer om støtte til å leggja inn toalett i løa på Bogatunet.	350 000	250 000	0
Nordhordland husflidslag	Dokumentasjon og formidling av bråkvitlar og åkle frå Nord- og Midhordland ein raudlista tradisjon. Denne søknaden gjeld midlar til dokumentasjon og ein første rapport om materialet.	131 500	25 000	20 000
Radøy sogelag	Dokumentasjon av gjenstandar i Syltastova og produksjon av hefte.	25 000	25 000	15 000
Rosslandsvåg Arbeidsstova	Driv med opplæring i gamle og nye teknikkar innan kunst og handverk for born og unge på skulane. Søkjer tilskot til utstyr og	29 000	6 000	3 000

Sissel-Anny Hjelmtveit	material. Bearbeiding av heftet "Gamle ferdsevsvegar i Alenfit" skrive av Nils Hjelmtveit.	10 000	3 000	0
Sissel-Anny Hjelmtveit	Redigering og opptrykk av hefte Den Trondhjemske Postveg frå Isdalstø til Nese frå 2018. Søknaden gjeld kostnader til trykking og distribusjon.	3 000	3 000	2 000
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	Planlegging og gjennomføring av Ullveka. Festivalen Ullveka er ei 10 dagars festveke med ull i fokus. Programmet er variert, med kurs og aktivitetar, demonstrasjonar, omvisningar, fåredrag, utstillingar, ullmarknad og strikkekaféar. Ullveka er eit samarbeid mellom mange aktørar.	700 000	90 000	50 000
Totalt				200 000

Saka har vore på høyring til Alver kulturråd, som støttar rådmannen si innstilling.

Vedlegg i saken:

02.06.2020 Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2020 (003) 1398911
(118914)

Arkiv: FA-C, FE-243, TI-&88
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
029/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsplanlegging i privat eige 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til nærmiljø- og friluftslivsplanlegging i privat eige 2020 slik det ligg føre i saka

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Kommunestyret i Alver kommune vedtok i møte 19. desember 2019 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga *Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsplanlegging i privat eige*, som hadde søknadsfrist 1. mars.

Retningslinjene seier at ordninga skal støtta mindre anlegg for eigenorganisert aktivitet og friluftslivsaktivitetar, men ikkje reine leikeplassar

Saksopplysningar:

Retningslinjene for dei kommunale tilskotsordningane innan kultur, idrett og friluftsliv har som målsetjing:

- styrkja fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet
- å stimulera til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald
- å gje alle høve til å oppleve og delta i kultur- og idrettsaktivitetar

Aktivitetar og prosjekt som rettar seg mot og/eller inkluderer følgjande grupper skal prioriterast:

- barn og ungdom (til og med det året dei fyller 20 år)
- menneske med nedsett funksjonsevne
- flyktningar/innvandrarakar
- eldre

Presentasjon av søknadene

Det kom inn to søknader innan fristen.

Søkjjar	Tiltak	Kostnad	Søknadssum	Tilskot	Merknad
Alvermarka og Ikenberget vel	Masseutskifting og etablering av grillhytte for bebuarane	110275		0	Fell utanfor kriteria.

Dalemarka velforening	Frisbeegolfkorgjer, gapahuk, utstyrsbod og straum til utebod	134000		10000	Til frisbeegolfkorgjer
	Totalt	244275		10000	

Saka har vore på høyring til Alver kulturråd, som støttar rådmannen si innstilling.

Vedlegg i saken:

02.06.2020 Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2020 (003) 1398907
(118914)

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
030/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Tilskot til andre lag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekt, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommune delar ut midlar til frivillige lag/organisasjonar gjennom ulike tilskotsordningar, også kjend som *kulturmidlar*

Lag/organisasjonar kan søkje tilskot til prosjekt 2 gongar i året – 01. mars og 01. september. Det som er att av midlar etter hovudtildelinga, vil gå til hausttildelinga.

Covid 19 pandemien

Søknadene er så langt råd er, behandla ordinært, dvs at ein ikkje har vurdert om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje grunna Covid 19 pandemien. Unntak for dette er «Tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar for korps og musikklag».

Ein del arrangement/prosjekt som pga covid 19 er utsett i vår, vert om mogeleg gjennomført i haust.

Saksopplysninger:

Rådmann sine overordna kommentarar til innstillinga

Ut frå føremålet med ordninga med tilskotsmidlar, er det sett opp kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettigheitsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på gjelande kriteria.

Løyvingane til kulturarbeid i Alver kommune har som målsetting:

- styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet.

- å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald
- å gje alle høve til å oppleve og delta i kultur og idrettsaktivitetar

Utdrag frå «Retningsliner for kommunal støtte (kulturmidlar) til organisasjonar», der følgjande vedtekte kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane:

Prioriterte grupper; aktivitetar og samarbeidsprosjekt som rettar seg mot og/eller inkluderer

- barn og ungdom (til og med det året dei fyller 20 år)
- menneske med nedsett funksjonsevne
- flyktingar/innvandrarar
- eldre

Driftsmidlar til helserelevante lag/organisasjonar vil ikkje bli prioritert ved tildeling av kulturmidlar.

Regionale/fylkesorganisasjonar og organisasjonar frå andre kommunar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerka verksemd i Alver kommune,

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje *rettighetsbasert*, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Forslag til tildeling vil alltid ha eit element av skjønsmessige vurderinga, der ein tek omsyn til aktivitet som lag/organisasjon driv.

Alver kulturråd har hatt saka til høyring. Høyringsnotat datert 26.05.20 er vedlagt saka.

KATEGORI ANDRE LAG

Ordninga skal støtte drift og aktivitet i lag/organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre tilskotsordningane.

Andre lag som ikkje fell inn under dei andre tilskotsordningane, utgjer eit svært variert og utfordrande grunnlag for vurdering. Forslag til tildeling vil alltid ha eit element av skjønsmessige vurderinga, der ein tek omsyn til aktivitet som lag/organisasjon driv, samt prioriterte gruppe.

Kommentar

Driftsmidlar til helserelevante lag/organisasjonar vil ikkje bli prioritert ved tildeling av kulturmidlar.

Ungdomslaget Idun på Hindenes, har søkt tilskot til drift. Alver kommune og ungdomslaget har ein leigeavtale der kommunen leigar lokalar til ungdomsklubb. Dette utgjer ca kr 90.000 i året. Laget skriv i sin søknad at dei har eit budsjett på kr 115.000.

Meland Sokn har sendt 5 søknadar på underliggjande gruppe. Dei er innstilt til ein sum. Vi ber Meland sokn som hovudlag fordele til sine underliggjande aktivitetsgruppe.

TILSKOT ANDRE LAG/ORGANISASJONAR								
20/5500					Ca tal på faste			
		Medlem	Medlem	Buset andre	øvingar, treningar			
Ref nr	Lag og organisasjonar	0-19	20+	kommunar	eller møter pr år	Søknadssum	Innstilling	Merknad
UYJZKX	Lindås revmatikerlag	0	108	7	9	48000	0	Drift. Helseelatert
GIWT77	Lindås revmatikerlag		108	7		40000		Drift. Helseelatert
CP4VNG	Edru livsstil Nordhordland	0	35	0	4	5000	0	Drift. Helseelatert
RGSC2X	Kreftforeningen	0	659	0	9	10000	0	Drift. Helseelatert
XVWTVR	Norsk Forbund for utviklingshemmede, Alver og Masfjorden lokallag	1	96	3	6	66100	0	Drift. Helseelatert
H53IUJ	Senioruniversitetet Nordhordland	0	70	5	11	5000	5000	Drift.
BTY8TI	Eldrekafeen i kyrkjelydsenteret på Lindås					5000		0 Samarbeid mellom u-skule og nokre pensjonister
P8D6BY	Lindås pensjonistlag	0	420	56	20	10000	6000	Drift
QTKIGW	Osterfjorden sokn	101	21	0	69	19000	15000	Fredagskafe (ungd), Jungelgjeng (barn)
HACV7U	Kløvheim søndagsskule	12	2	0	15	4000	4000	Søndagsskuletilbod
XIHBHW	Lindås mekkeklubb	0	0	0	80	15000	6000	Ingen kontingent. Tilbod til 8. klasse til 3 vg
FGUTNT	Pinsemenigheten Betania	20	137	17	17	20000	15000	Drift av barne akt 2.-6. klasse+ nedsatt funk hemming
UPXBVP	Junioren Eben Eser, Fammestad	11	5	0	16	5000	4000	Drift. Aktivitetstilbod fra 3. klasse
NZ6757	Amcar Nordhordland	10	45	0	11	25000	10000	Ungdomsprosjekt. Ungdommer restaurerer en gammel bil
CZUU6U	Mandagsklubben	26	0	0	14	7000	6500	Drift. Søndagsskuletilbod
MU3D5B	Meland sokn *	11	0	0	14	25000	30000	Driftprosjekt retta mot born 2 år og oppover
U65BPI	Meland Sokn	35	0	0	1	22000		Drift tenklubben
VH3CSF	Meland sokn	47	0	0	25	15000		Drift søndagsskule
65RMFS	Meland sokn	37	0	0	75	15000		Drift. Barn 6-13 år.
I8WBZ2	Meland sokn	0	45	3	114	10000		Drift. Tiltak for menneske med nedsatt funksjonsevne
YKVJWB	Alversund KFUK-KFUM speidere	34	7	1	25	8000	6000	Drift av speidergruppa
HW7IQJ	Team Flatøy 4H	13	9	0	20	6000	5000	Drift.
XUBKTF	Samhald 4H	33	17	0	15	128000	25000	Drift
PZWGRK	Kyrkjeklubben	0	15	2	10	8000	6000	Drift. Klubben er først og fremst for menneske
UT46IX	Pinsemenigheten Betel, søndagsskule	8	0	0	32	6000	5000	Drift av søndagsskule på Sletta
GG2T6C	Kongebarna/Norkirken	42	0	3	22	6000	5000	Drift
D3QUSS	Errors party	155	34	59	2	25000	15000	Drift
UZQBZP	Maksklubben Lindås	20	0	0	17	10000	6000	Drift. Kristent barnelag for alderen 4.-7. klasse
WYBBGC	Fritex	50	0	0	20	30000	17500	Drift. Fritidsklubb for alderen 6.-10. klasse
HZVQHP	Frekhaug Yngres /Frekhaug bedehus	100	0	0	20	10000	7500	Drift
FY38SC	Ungdomslaget Nybrot, Hundvin	14	41	0	20	100000	25000	Drift Ungdomshuset dalheim, hundvin
BI3K8B	Ungdomslaget Framsteg, Rossland	41	35	35	74	25000	12500	
C4DJIV	Bygdelaget 5915	10	62	0	10	50000	25000	Drift Liv og Lyst prosjektet på Hjelmås
TV4MYX	Myrtveit bygdehus	20	34	0	4	5000	4500	Drift. Páskearr, mimrekveld, familiedag, juleverkstad
JBAAB6	Vestre vassbygd grendahus	45	76	3	15	20000	17500	Drift.
SJEYPT	Manger ungdomslag/ grendehuset Solvan	0	45	0	40	15000	13500	Drift
Epost	Fløksand grendalag		53			12000	11000	Drift av grendalag, aktiviteter
WIKYWG	Hindenes og Åsgård grendalag	35	50	4	6	20000	9000	Drift
IVJBC6	Alvermarka vel	0	145	0	6	15000	13500	Drift
ESX8MA	Hilland Velforening	30	20	0	8	50000	20000	Drift
FSP3KN	Ostereidet bygdelag	50	46		4	6000	5500	Drift
JCC8PI	Sæbø ungdomslag / Sæbø ungdomshus	37	31	2	13	50000	10000	Drift
YNIP36	Rikstad bedehus	0	0	0	30	25000	10000	Drift
JBRQRV	Lindås indremisjon Lindås bedehus	0	10	0	36	15000	9000	Drift
NWHUHB	UL Solglytt	10	35	0	10	40000	17000	Drift
ZK3ZY3	Hella bedehus	45	15	0	40	10000	7500	Drift. Aktivitetsklubb for barn
ISMTJB	Kløvheim ungdomslag	12	13	0	2	50000	20000	Drift
TXI6VY	Ungdomslaget Heimhug, Hjelmås	26	24	0	80	150000	27500	Drift
DNQRHG	UL Idun	0	34	0	8	115000	0	Drift. Alver kommune leige lokale
MTSRA7	Kløvheim bygdelag	40	160	0	12	50000	20000	Drift.
CQGQF5	Roslandsvåg indremisjonsforening	20	45	0	122	15000	13500	Drift
DQNSV6	Holy riders MC Nordhordland	3	26	2	50	10000	5000	Drift
SVJ5ZF	Hundvingrend indremison	56	42	0	60	20000	17500	Drift
65YUT6	Nordhordland bibelsenter					20000	10500	Drift av innvandrerkafe
77A4Z2	Lindås sogelag	0	104	14	45	65000	60000	Drift. Driftar noko av Alver kommune si samling
FSFVQD	Radøy sogelag	0	165	50	13	25000	25000	Drift. Akt Bogatun, Syltastova, sogelad, temakveldar osv
GB78NJ	Veteranbussklubb BNR	0	168	12	30	25000	21000	Drift av veteranbussklubben og div aktivitetar
KS8JD3	Nordhordland veteranbåtlag	5	146	361	47	70000	50000	Drift
KE6ZCS	Utvandingscenterets venner	0	130	33	8	20000	7000	Drift
19/1623-2	Lindås kyrkjepark					10000	7500	Minnesmerke om vipa, fuglen som gjester Lindås
HPNVW5	Kjeipane kystlag	4	16	19	25	10000	9000	
JES64Q	Dørstokkmila					8000	6000	Turaktivitetar 60+. Leige av buss
DQJMTF	Alversund mållag	0	93	1	3	6000	5500	Drift.
GQ8JAY	Meland mållag	4	82	0	20	25000	12500	Drift
							727500	

* Meland sok har sendt 5 ulike søknadar på 5 undergruppe. Rådmann innstiller på ein sum som hovudlaget sjølv fordelar til sine undergrupper

Vedlegg i saken:

02.06.2020

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2020 (003)

1399119

Arkiv: FA-C00, FE-505
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 29.05.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
031/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Kulturstipend

Rådmannen sitt framlegg til vedtak;

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur delar ut årets kulturstipend til følgjande aktørar;

- Skodvin skulemusikk – «Øyeblikket» kr 30.000
- Linda Røyseth Sandhåland – Folkemusikk i skulen kr 30.000
- Christer Steffensen – filmprosjekt kr 30.000

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommune skal dele ut opptil tre kulturstipend som skal gå til kunstnarar/kulturutøvarar, som er registrert busett i Alver kommune, har si verksemd herifrå, og som har heile eller delar av si inntekt frå kunstnarisk eller kulturell verksemd. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling og lokale kulturopplevingar.

Stipendet skal gå til følgjande tiltak:

- Utvikling av lokalt kulturliv i samarbeid med aktørar frå lokal amatørkultur, som leier fram til eit ferdig produkt, aktivitet eller framsyning.
- Kunnskapsoverføring mellom profesjonelle aktørar og lokalt amatørkulturliv.
- Eigenutvikling og auking av kompetanse, som kjem det lokale kulturlivet til gode.
- Prosjekt som stimulerer og sikrar overføring av lokal kunnskap og kultur, og immateriell kulturarv.
- Aktuelle uttrykksformer er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthandverk og film/media.

Saksopplysninger:

Nedanfor finn ein tabell over søkare og prosjekt. Det er gitt karakter for kvar av søker kriteriane, frå 1 (lågast) til 3 (høgast).

Namn på	Prosjekt	Innstillin	1	2.	3.	4.	5.Aktuell	Poen
---------	----------	------------	---	----	----	----	-----------	------

søkar		g	Utvikling lokalt kulturliv	Kunnskap s-overføring prof og amatør	Eigutvikling/ Kompetanse-Hevving	Overføring lokal kunnskap og kultur	etrykksformer	g totalt
Skodvin skulemusikk	Ensembleprosjekt	30.000	3	3	3	3	3	15
Linda Røyseth Sandhåland	Lokal folkesong i skulen	30.000	3	3	2	3	3	14
Christer Steffensen	Filmprosjekt	30.000	2	3	2	2	3	12
Tormod Haugland	Skrivestipend	0	1	1	2	2	3	9
Nicolay Leganger	Skrive E-bok om humor	0	1	1	1	0	3	6

Poeng: 1 = låg - 2 = middels og 3 = høg

Skodvin skulemusikk – «Øyeblikket»

Skodvin skulemusikk ønskjer å engasjere musikar frå ulike klangideal og musikkfelt samt bruke ensembleformatet for å løfte kvar enkelt musikanter utfrå deira ståstad.

Neste sesong vil dei ha formidlingsmestring gjennom to aktiviteter:

1. Ensembleprosjekt med vekt på formidlingskunsten sammen med den anerkjente gruppa Brass Brothers. Brass Brothers er kjent for si evne til å skape magiske øyeblikk av mestring og musikkglede. Skodvin skulemusikk planlegg å la dette verta eit prosjekt kor ein jobbar saman med Brass Brothers gjennom helgeseminar frå laurdag til søndag. Skodvin skulemusikk ønskjer å invitere fleire musikantar frå heile Alver Kommune til å ta del i prosjektet for slik å nå ut med formidlingsglede til ei breiare målgruppe.
2. Skodvin skulemusikk vil også engasjere to forelesarar til ein open workshop – innafor felt som teater og musikkformidling for å gje konkrete råd om det å ta scenen og formidle sin musikalske historie med ro, meistring og glede.
3. Målgruppe: frå 14 år, heile Alver kommune
4. «Øyeblikket» har en kostnadsramme på kroner 150000,-

Linda Røyseth Sandhåland - «Lokal folkesong i skulen»

Saman med Kjersti Wiik, planlegg Linda Røiset Sandhåland eit prosjekt som tek sikte på å læra alle born på småtrinnet i Nordhordland, samt Askøy og Øygarden, lokale folkesongar gjennom tilbod om folkesongverkstad på skulen. Dei ønskjer å starta med skulane i Alver hausten 2020.

I læreplan for musikk i grunnskulen, som vert innført hausten 2020, finn ein under musikkfaget sin relevans og sentrale verdi at musikk er «et sentralt fag for skaperkraft, kulturforståelse og identitetsutvikling. (...) Faget skal bidra til at elevene forstår hvordan musikk både springer ut av kulturer, skaper kultur og bidrar til samfunnsendringer, og elevene skal få erfare at musikk kan bidra til livskvalitet».

Hovudmålsetjing: Alle elevar på småtrinnet i Nordhordlandskommunane og kommunane sørvest for Bergen skal kunna minst ti barnesongar med lokalt opphav og slik verta kjend med si lokale kulturarv.

Delmål: Å lære barn og lærarar på småtrinnet (1.-4.klasse) lokal klingande kulturarv –

Prosjektet legg opp til at elevane vil lære songar frå sitt nærrområde og såleis verta kjend med si lokale kulturarv og sin lokale musikkultur. Elevane får syngja songane saman med andre og ein vil nytta gehør og noko enkel notasjon. Det vil også vera høve til å drøfte korleis song har

vore brukt før og no.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 196.238

Kommentar til budsjett: Inne i desse 3 mnd ligg forarbeid der ein set opp opplæringsprogrammet, set opp undervisningsrute og tider, etterarbeid/rapportering. Det er 19 grunnskular i Alver inkl.private. Nokre av desse skulane er store og vi må dele årstrinna opp slik at vi får fleire undervisningsøkter på same skule pr. dag. Alle grupper skal ha minst 2 besøk

Christer Steffensen - filmprosjekt

Christer Steffensen er busett på Frekhaug, og er filmregissør, fotograf og manusforfattar. Av høgare utdanning har han en bachelorgrad i Film og Tv-produksjon ved Universitetet i Bergen, og har arbeid profesjonelt med film i 6 år. Han har jobba på fleire prosjekt for m.a. NRK og TV2, samt laga musikkvideo for lokale artistar som t.d. Hanne Vatnøy (HAVA). Steffensen har også produsert mykje oppdragsfilm for mange lokale selskap, i tillegg til Vestland fylkeskommune, Industriutvikling Vest, Region Nordhordland, og ein serie filmar for Alver kommune i prosjektet «Vi byggjer Alver kommune».

Saman med sin faste produsent, Sivert Kalvø, har Steffensen jobba med prosjekt om å lage eige spelefilm. Filmen skal spelast inn i Nordhordland/Alver området, kor dei, mye basert på dugnad, vil lage ein unik arena for samarbeid mellom profesjonelle aktørar, nyutdanna kunstnarar, og amatørar.

Sjølv om historia er planlagt, er ikkje filmmanuset ferdig. Det er behov for fleire arbeidsdagar med skrivearbeid, i tillegg til bearbeiding og tilbakemeldingsrundar frå andre profesjonelle manusforfattar. Regissør og manusforfattar Kjersti Steinsbø, som m.a. står bak den norske "Hevn», og som har regissert fleire episodar av Tv-serien Aber Bergen, har sagt seg villig til å være kreativ konsulent for manusarbeidet.

Målet er premiere i 2021. For å sikre distribusjon til så mange kinoar som mogeleg, har Steffensen samarbeid med det etablerte og velrenommerte filmselskapet Blinkfilm, som vil hjelpe produksjonen.

Budsjett for planfase er ca kr 170.000

Tormod Haugland - forfattarstipend

I dei siste to romanane til Tormod Haugland, *Om dyr og syn* (2017) og *Om søvn og mørke* (2019) har han brukt seg sjølv som hovudperson, med eit sterkare sjølvbiografisk preg. I desse bøkene er Nordhordland og landskapet på Radøy sentralt, det same er folkelynnet og kulturen omkring småbrukssamfunnet, blanda med endringane som har kome med oljeindustri og anna. Haugland meiner sjølv at eg alle bøkene sine krinsar omkring spørsmål knytt til stad og identitet, med Nordhordland som utgangspunkt.

Forfattarskapen til Haugland har med dei siste bøkene fått meir merksemd, og i år vart han vald til festspeldiktar under Dei litterære festspela i Bergen.

Haugland har sidan debuten virka som forfattar, og frå 1996 har han vore knytt til Skrivekunstakademiet, der han i dag har ei 25% stilling som skrivekunstlærer (1. amanuensis i skrivekunst).

For tida arbeider Haugland med to skriveprosjekt. Det eine er ei diktsamling der dikta er inspirerte av landskapsbilete av biletkunstnaren Annette Kierulf. Hennar biletserie "Nattvandringar" er teikningar av hus og landskap på Radøy.

I tillegg skriv Haugland på ein ny roman med utgangspunkt i området, om det å vekse opp med dyr, om vanskane ved det å verte vaksen.

Eit stipend vil kunne frigjere skrivetid til å kunne ferdigstille desse prosjekta.

Nicolay Leganger – e-bok for humor

Skrive og utgje bok og e-kurs om å bruke humor i daglegtale, tekst og kunst, ved å lære dei

ulike forma for humoristiske mekanismar og trene på sine egne formuleringar. Metodikken bygger på nyare forskning innan humor og pedagogikk, formidla på ein sosial læringsarena: www.humorskolen.no.

Mål for prosjekt: Skrive e-bok som;

- Fortelje kva humor er og former for humor
- motivere og støtte utvikling av humoristisk sans ut frå eit helseperspektiv
- gi enkel innføring i vitskapelege kategoriar av humor og forskning
- fortelle kva vi ler av og kvifor vi ler
- Viser eksempel på humor i ulike kunstsjanger som biletkunst, video, audio, musikk og tekst
- har eksemplar på korleis kjende personar og ulike kunstnarar (lyd, ord og bilete) og humoristar bruker dei ulike kategoriar for humor
- har intervjuar og tips frå nokon av dei som har lykkjes med humor
- gi lesaren idear om korleis ein kan bruke humor, og øve på det
- har oppgåver der lesaren kan øve seg på dei ulike humor formene

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
032/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Kultur - driftstilskot – idrettslag og frilufsorganisasjonar 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar 2020, slik dei ligg føre i saka

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Ordninga skal støtte oppunder aktivitet og drift i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar. For idrettslag vert tildelinga basert på medlemstal frå idrettsregisteret. Dersom laget ikkje er registrert sentralt, må dokumentasjon på medlemstal følgje søknad.

Innstillinga har vore på høyring hos Alver idrettsråd, med vedtak *Alver idrettsråd rår til utbetaling av drifts/kulturmidlar i samsvar med justert framlegg frå kommunen*

Saksopplysninger:

Det er kr 1 791 650 til fordeling i denne runden.

Medlemmar 0-19 teller kr 250, og medlemmar 20 år eller eldre kr 100. Det er gjord somme utjamningar for å avdempe for stor overgang for enkeltlag frå 2019 til 2020, eller for å ta høgde for beydeleg medlemsauke frå 2019 til -20.

Søkjjar	Innstilling	Kjelde	Merknad
Alver idrettsråd	100 000		
Alver klatreklubb	40 100	2019	Utjamning 2020
Alver modellbilklubb	17 000	Eigenmeldt	Utjamning 2020
Eikanger IL	70 150	2019	
Fil AKS-77	32 500	2019	
Frekhaug	7 550	2019	

diskgolfklubb		
Hordabø IL	60 900	2019
IL Alvidra	106 600	2019Utjamning 2020
IL Kvernbit	257 050	2019Utjamning 2020
Knarvik IL	87 300	2019
Lindås IL	124 050	2019
Manger IL	22 900	2019
Meland golfklubb	127 800	2019
Meland motorsportklubb	24 000	2019
Nordhordland ballklubb	232 350	2019Utjamning 2020
Nordre Holsnøy IL	64 500	2019
Nordhordland dykkarklubb	8 800	2019
Nordhordland hesteskokastarlag	1 600	Eigenmeldt
Nordhordland pistolklubb	15 600	2019
Nordhordland padleklubb	28 500	2019
Radøy fotballklubb	84 500	2019
Radøy idrettslag	46 150	2019Utjamning 2020
Radøy sportsskyttarlag	15 650	2019
Lindås skyttarlag	36 200	EigenmeldtUtjamning 2020
Meland skyttarlag	34 500	Eigenmeldt
Radøy skyttarlag	19 700	Eigenmeldt
Seim skyttarlag	50 700	EigenmeldtUtjamning 2020

Nordhordland turlag	75 000	Eigenmeldt
---------------------	--------	------------

Totalt	1 791 650
--------	-----------

Vedlegg i saken:

29.05.2020	Alver idrettsråd utskrift av møtebok tilskotsmidlar	1398573
------------	---	---------

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
033/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Kultur - prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – Idrett og friluftsliv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – idrett og friluftsliv, slik dei ligg føre i saka

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Søknadar vert basert på prosjektbeskriving. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast tilskot eller som underskotsgaranti

Innstillinga har vore på høyring hos Alver idrettsråd, med vedtak *Alver idrettsråd rår til tildeling av Prosjekt/aktivitetsmidlar i samsvar med innstillinga frå kommunen*

Saksopplysninger:

Det er kr 127 500 til fordeling i denne runden.

Søkjjar	Søknadssum	Innstilling	Merknad
Alver modellbilklubb	50 000	15 000	Banedekke, 3 klubbilar
IL Kvernbit	40 000	15 000	Innkjøp ror, rigg, segl, oselvarbåtar
IL Kvernbit	100 000	25 000	Utstyr oppstart kajakkgruppe
Knarvikmila AKS-77	25 000	25 000	Handbok unge idrettsutøvarar og -trenarar
Lonerenen vel	30 000	0	Etter frist
Manger idrettslag	40 000	10 000	Spelarbenkar Boccia
Meland Golfklubb	26 900	15 000	Utstyr barnegruppe

Moldekleivmarka vel	200 000	0Leikeplass, utanfor ordning
Multippel slkeroseforeininga i Bergen	15 000	0Oppstart yogragruppe Alver
Nordhordland turlag	25 000	15 000Føredrag Børge Ousland
Sæbø Barnehage	10 000	0Barnehageturning, kommunal barnehage
Sæbø ungdomslag	15 000	7 500Løpsarrangement
Totalt		127 500

Vedlegg i saken:

29.05.2020 Alver idrettsråd utskrift av møtebok tilskotsmidlar

1398574

Arkiv: FA-C21, FE-076
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
034/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Idrettsstipend Alver 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettsstipend for 2020 pålydande kr 30 000 kvar, til Anders Vik og Tommy Urhaug

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Det kan delast ut opp til tre idrettsstipend kvart år, med verdi opp til kr 30 000 kvar. Stipenda skal gå til idrettsutøvarar, trenarar, dommarar eller idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Alver. Stipendet skal støtte høva for å utvikle seg innan idretten, og skal prioritere søkjarar i aldersgruppa 15-26 år.

Stipendet skal gå til følgjande tiltak:

- Eigenutvikling og kompetanseauking
- Kostnader ved reise eller opphald i samband med trening utanfor kommunegrensene
- Kostnader ved utstyr eller omfattande individuell reiseverksemd ved nasjonale eller internasjonale meisterskap
- Utvikling av lokalt idrettsliv og etablering av nye aktivitetar

I 2020 er det to søkjarar til ordninga, Anders Vik og Tommy Urhaug. Saka har vore til uttale hos Alver idrettsråd, som *...rår til at Anders Vik og Tommy Urhaug vert tildelt idrettsstipend frå Alver kommune med kr 30 000 til kvar.*

Saksopplysninger:

Tommy Urhaug søker om tilskot til utgifter ved treningsleirar og reise til fast treningsstad i Bergen. Urhaug har treningsplan fram mot Paralympics i Tokyo 2020, sitt sjetteste i rekka, og store utgifter knytt til satsinga si. Paralympics og treningsleirar i Europa er no utsett grunna corona. Det vert vurdert til at Urhaug likevel kvalifiserer for tildelinga, sidan han har utgiftar innan ordninga uvhengig av OL, og at idretts- og reiseaktivitet vil truleg mogleggjere seg i større grad seinare i 2020. Urhaug er rangert som nr. 1 i verden innanfor sin idrett, med ni europameisterskap, 4 verdsmeisterskap og 56 NM-gull. Uhaug er paralympisk meister, og fyller 40 år i 2020.

Anders Vik søker om stipend til utgifter ved treningsleir, landslagssamlingar og nasjonale og internasjonale konkurransar. Vik er 16 år og representerer Fil AKS-77, med diskos som

hovudøving. Vik har fleire pallplasseringar i ungdomsmeisterskap innan diskos og vektløfting, og er sjølv trengjer for ungdom i idrettslaget sitt.

Konklusjon

Det er to søkjarar til idrettstipend i Alver for 2020, og det kan delast ut opp til tre stipend. Anders Vik og Tommy Urhaug vert vurdert til å oppfylle kriteria i ordninga, og Alver idrettsråd har uttalt seg positivt til at Vik og Urhaug begge får stipend.

Vedlegg i saken:

29.05.2020	Utskrift frå møtebok for Alver idrettsråd 25.05.2020	1398572
02.03.2020	stipend Alver	1358341
02.03.2020	Idrettstipend Anders	1358342
28.02.2020	Søknad om Idrettstipend 2020	1357951
28.02.2020	Dokumentasjon av prestasjonar	1357952

Arkiv: FA-C20
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
035/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
	Alver kommunestyre	

Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver idrettsråd, slik han ligg ved saka

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver idrettsråd vart konstituert i januar 2020, etter at *fellesnemnd for idrettsråda i Lindås, Radøy og Meland* hadde førebudd saka gjennom 2019.

Alle dei tre gamle kommunane hadde samarbeidsavtalar med sine respektive idrettsråd. Samarbeidsavtale med Alver idrettsråd er eit vedtatt tiltak i Anleggsstrategi for Alver 2020-2024.

Alver idrettsråd ønskjer samarbeidsavtale med Alver kommune, og ein er komme til semje om eit framlegg til avtaletekst.

Saksopplysninger:

Idretten er forplikta av NIF til å ha eit idrettsråd dersom det er tre eller fleire idrettslag i kommunen som er medlemmar i idrettsforbundet.

Alver idrettsråd har som formål og vere eit fellesorgan for all idrett i Alver, som er organisert i NIF. Idrettsrådet skal arbeide for best moglege vilkår for idretten i Alver, og vere ein arena for samarbeid mellom idrettslaga, kommune og idrettskrins. Idrettsrådet skal kunne gjere prioriteringar på vegne av idretten og idrettslaga i Alver.

Avtalen regulerer tilskotsyting til idrettsrådet, behovsprøvd årleg.

Ein samarbeidsavtale mellom kommunen og idrettsrådet vil regulere oppgåver og forventingar mellom partane. Avtalen liknar på tilsvarande framlegg til avtale framarbeidd med Alver kulturråd, men med somme andre formuleringar.

Idrettsrådet har i sine innspel ønskt ein klarare formulering med bruk av skal i staden for kan på punkta gjeldande idrettsrådets oppgåver. Desse er tatt omsyn til. Bakgrunnen for å føreslå kan låg i at dette gir idrettsrådet rettar, mens skal forpliktar idrettsrådet til å

gjennomføre ei oppgåve, noko som ein vurderte til at idrettsrådet sjølv måtte ta stilling til.

Idrettsrådet har tidlegare i prosessen ønskt at avtalen skal tydeleggjere at idrettslag skal ta kontakt med idrettsrådet om saker som er av felles interesse for idretten. Dette er ikkje tatt omsyn til, sidan alle innbyggjarar og aktørar kan ta kontakt med kommunen i alle saker. Idrettsrådets høve til å representere felles interesser for idretten er likevel ivaretatt ved at kommunen i avtalen forpliktar seg til å sende alle saker av felles interesse for idretten til uttale til idrettsrådet, og at ingen saker derfor kan gå forbi idrettsrådets merksemd. Avtalen legg fram at saker bør formidlast til idrettsrådet, for å tydeleggjere ei forventning begge partar har til korleis ein ser det tenleg at idrettssaker vert handsama og forvalta.

Idrettsrådet har òg ønskt eit punkt som viser til at saker som vert fremja til kommunen vert fremja til administrasjonen ved rådmannen. Punktet viser til faktiske tilhøve og ikkje tatt med i endeleg framlegg.

Avtaleteksten byggjer på framlegg frå idrettsrådet i februar 2020, og framlegg frå kommunen vart sendt idrettsrådet til uttale 20. mai. Etter dialog med idrettsrådet vart nytt framlegg sendt 29. mai. Endeleg framlegg vart utarbeidd 2. juni.

Det er denne versjonen per 2. juni som ligg ved saka som endeleg framlegg til samarbeidsavtale.

I vedtak 2. juni 2020 rår Alver idrettsråd *til at vedlagde samarbeidsavtale, sist revidert 2. juni 2020, vert godkjend.*

Vedlegg i saken:

02.06.2020	Uttale frå Alver idrettsråd	1398973
02.06.2020	Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd	1398982

Arkiv: FA-C00
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
036/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
	Alver kommunestyre	

Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kulturråd vart konstituert i desember 2019, etter at eit interimstyre med representantar frå kulturlivet i dei tre gamle kommunane hadde førebudd saka gjennom 2019.

Lindås og Radøy kommunar hadde samarbeidsavtalar med Lindås kulturråd og Radøy song- og musikkråd.

Alver kulturråd ønskjer samarbeidsavtale med Alver kommune, og ein er komme til semje om eit framlegg til avtaletekst.

Saksopplysninger:

Alver kulturråd har som formål og vere bindeledd og arena mellom frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet og kommunen, og arbeide for best moglege vilkår for kulturfeltet i Alver.

Ein samarbeidsavtale mellom kommunen og kulturrådet vil regulere oppgåver og forventingar mellom partane. Kulturrådet representerer sine medlemsorganisasjonar innan kulturfeltet, og kan vere eit bindeledd i ulike saker som vedkjem kulturfeltet. Kulturrådet er ikkje eit frivillighetsråd, men ein medlemsbasert organisasjon med opptak frå kulturlivet. Friluftslivsorganisasjonar kan verte medlemmar av Alver kulturråd

Avtalen regulerer tilskotsyting til kulturrådet, behovsprøvd årleg.

Kulturrådet sin avtale liknar på tilsvarende framlegg til avtale framarbeidd med Alver idrettsråd, men med somme andre formuleringar.

Alver kulturråd har ingen særskilde merknadar til avtalen, slik den ligg føre, men ønskjer å forplkete seg ved uttale til kommunale tilskotsmidlar med formuleringa skal gi uttale i høve

tildelingar under punkt 4f. Dette er tatt omsyn til i endeleg framlegg.

I si uttale ønskjer kulturrådet å sjå på punktet om administrativ støtte. Alver kulturråd er ein ekstern part, som vil ta mot saker i kommunal saksgang til uttale og høyring. Tilsette i kommunen kan ikkje ha oppgåve å administrere eller vere kopla på eller svært nær same saksgang både i kommunen og kulturrådet. Dette punktet har ein frå kommunen sitt hald vore klar på at ein ikkje kan oppfylle, med omsyn til habilitet og tilhøva for tilsette.

Vedlegg i saken:

01.06.2020	Uttale frå Alver Kulturråd	1398798
01.06.2020	Presisering frå Alver kulturråd	1398799
02.06.2020	Samarbeidsavtale Alver kommune og Alver kulturråd	1398860

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
037/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020, slik dei ligg føre i saka

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Ordninga gjeld større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar. Tilskota utarbeidast etter framarbeidd vektingsnøkkel og definert anleggsliste. Tilskota skal støtte oppunder heilskapleg anleggsutvikling og sørge for føreseiele vilkår for idretten

Innstillinga har vore på høyring hos Alver idrettsråd, med vedtak *Alver idrettsråd rår til utbetaling av drifts/vedlikehaldsmidlar i samsvar med justert framlegg frå kommunen*

Saksopplysninger:

Det er kr 1 080 851 til fordeling i denne runden.

Vektingsnøkkel er som følgjer

Hall - 2,3
Kunstgras 11 - 2
Grasbane 11 - 2,3
Klubbhus - 0,6
Skytebane - 1
Motorsport - 1,5
Kunstgras 5 - 1,5
Golf - 2,3
Turveg - 2
Frisbeegolf - 0,4
Andre mindre anlegg/element - 0,1/0,2

Nøkkelen har vore del av høyringa til idrettsrådet

Søkjjar	Vekting	Innstilling vekta
Fil AKS-77	Kommunalt anlegg	0
Frekhaug Diskgolfklubb	0,4	12 532
Hordabø IL	7,2	225 569
IL Kvernbit	6,9	216 170
Knarvikmila AKS-77	2	62 658
Lindås IL	2,9	90 854
Manger IL	2,1	65 791
Meland Golf	2,3	72 057
Meland Motorsportklubb	1,5	46 993
Meland Skyttarlag	1	31 329
Nordre Holsnøy IL	2,1	65 791
Nordhordland padleklubb	0,2	6 266
Radøy IL	4,9	153 512
Radøy Skyttarlag	1	31 329
Totalt		1 080 851

Vedlegg i saken:

29.05.2020

Alver idrettsråd utskrift av møtebok tilskotsmidlar

1398575

Arkiv: FA-P11
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
046/20	Alver formannskap	30.04.2020
	Alver formannskap	
019/20	Eldreråd	08.06.2020
022/20	Ungdomsråd	02.06.2020
024/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.06.2020
019/20	Utval for helse og omsorg	09.06.2020
038/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
100/20	Utval for areal, plan og miljø	10.06.2020
035/20	Utval for næringutvikling og drift	10.06.2020
	Alver kommunestyre	

Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

På vegne av samarbeidspartia SP, AP, KRF og H ved a.AA.Byrknes-KRF:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 046/20 Vedtak:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Bakgrunn

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling.

Arkiv: FA-P11
JournalpostID: <jplD> 20/19867
Saksbehandlar:
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
046/20	Alver formannskap	30.04.2020

Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver formannskap 30.04.2020:

Handsaming:

På vegne av samarbeidspartia SP, AP, KRF og H ved A.Aa.Byrknes-KRF:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 046/20 Vedtak:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Bakgrunn

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling.

Saksopplysninger:

Då Nordhordland vart utnemnt til eit biosfæreområde var dette ei anerkjenning frå UNESCO: «denne regionen har eit framifrå grunnlag til å drive fram tiltak for berekraftig utvikling som kan bli viktige både lokalt, nasjonalt og internasjonalt».

Føremålet med strategidokumentet er å gje biosfæreområdet ein god plan for arbeidet til eit breitt engasjement for berekraftig utvikling. Dokumentet er tufta på FN sine berekraftsmål og UNESCO sine plandokument for MAB-programmet (Menneske og biosfæren). Strategien skal vere til inspirasjon og bruk for kommunane, næringsliv, lag / organisasjonar og innbyggjarane som ønskjer å slutte opp om målsettinga: Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av

alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Det første strategidokumentet til Nordhordland UNESCO biosfæreområde er no til høyring. Dokumentet er utarbeida etter ein inviterande prosess der kommunar (politikarar og administrasjon), næringsliv, forskingsmiljø og lag / organisasjonar har engasjert seg. Meir enn 500 innspel kom det inn under prosessen. Innspela vert handsama til det endelege strategidokumentet som vert handsama i Regionrådet i juni 2020.

Mål for biosfæreområdet

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet -til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Satsingsområde og strategiar

a) Levande lokalsamfunn

- Vere ein medspelar til lokale initiativ som aukar trivselen og attraktiviteten
- Lokalsamfunn Bidra til revitalisering av lokal kultur, tradisjonar, handverk og historie
- Leggje til rette for kunnskapsoverføring og samhandling mellomgenerasjonar
- Inspirere til, og auke kunnskapen om å leve meirberekraftig
- Bidra til styrka folkehelse gjennom å knyte saman menneske og natur

b) Natur, miljø og klima

- Bidra til berekraftig bruk av areal på land og i sjø
- Arbeide for å gjere folk merksame på verdien av biologisk mangfald og av dei verna områda i biosfæreområdet
- Bidra til å redusere menneskeskapte klimaendringar
- Bidra til å auke matproduksjonen på lokale ressursar
- Arbeide for at kulturlandskapet vert forvalta slik at dei kulturhistoriske og landskapsmessige verdiane vert haldne i hevd
- Inspirere til å oppdage, oppleve og bli glad i naturen

c) Kunnskap og læring

- Utvikle satsingar som vektlegg barn og unge sin medverknad, og som gjev dei kunnskap om og engasjement for lokal og global berekraftig utvikling
- Utvikle samarbeid med Universitetet i Bergen og andre forskingsinstitusjonar
- Utvikle samarbeid med både barnehagar, grunn- og vidaregåande skule
- Sikre at forskingsmiljø vert involvert i problemstillingar som er relatert til berekraftig samfunns- og næringsutvikling i regionen
- Skape forståing for kva statusen som biosfæreområdet inneber for regionen – gjennom formidling og kunnskapsheving
- Sikre at viktig kunnskap og kompetanse vert delt lokalt, nasjonalt og internasjonalt

d) Grøn verdiskaping

- Vere ein pådrivar for ei miljø- og klimavenleg omstilling av næringslivet i regionen
- Vere ein pådrivar for sirkulær økonomi
- Ta i bruk lokale unyttta ressursar for verdiskaping
- Bidra til å utvikle regionen som modellområde for berekraftig havbruk og landbruk
- Bidra til næringsutvikling knyta skog/skogbruk/bruk av tre
- Utvikle berekraftige lokale produkt og tenester; aktivitetar og opplevingar som

- styrker attraktiviteten til Nordhordland
- Stimulere til vidareutvikling og bruk av fornybar energi
- Involvere forskarar og studentar i innovasjons- og produktutviklingsprosessar

e) Møteplassar og kommunikasjon

- Utvikle gode kommunikasjonsplattformer og ulike arenaer for dialog mellom forskings- og kunnskapsmiljø, kommunane, regionalt næringsliv, dei frivillige og andre samfunnsaktørar
- Sørge for at Nordhordland biosfæreområde er godt kjent og godt forankra i regionen, og at dette blir ei tydeleg merkevare lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- Etablere samarbeid med aktuelle samfunnsaktørar, næringsliv og ideelle organisasjonar
- Vere ein aktuell og aktiv samarbeidspartnar i det internasjonale UNESCO-biosfærenettverket

Vurdering og høyringsinnspel

I høyringsbrevet er det etterspurt innspel til handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet er ryddig og strukturert, med tiltak knytt til strategiar som er omtala over.

I handlingsplanen er det lista opp kven som skal ha ansvar for dei ulike prosjekta. Rådmann vil peike på at det kan vere vanskeleg å få ei forståing av kva som er forventna av aktørane i prosjektet. For å skape ei felles forståing mellom dei ulike aktørane som skal bidra inn i prosjekta, bør det tydeleggjerast kva ressursbruk og framdriftsplan, som er forventna i dei ulike tiltaka i handlingsplanen.

Under er det kommentert tema som rådmann meiner bør få eit særskilt fokus. Fleire av prosjekta er i gang.

a) Satsingsområde Levande lokalsamfunn

Prosjekta som er skissert er gode og rådmann støtter opp om tema. Vi arbeider med berekraft i alt vårt planverktøy i Alver også i dag.

Vi vil særleg peike på at det er viktig med eit overordna formalisert samarbeid i forhold til berekraft i kvardagen.

- Digital møteplass, dette er eit satsingsområde i programmet, det skal byggjast ein digital møteplass for å spre kunnskap. Det er biosfære som er prosjektansvarleg for dette tiltaket. Her må samarbeidspartar synleggjerast i prosjektet. Slike digitale møteplassar bør og knytast opp mot kommunane sine kommunikasjonsplattformer. Vi bør arbeide saman og ha felles lenker til prosjekt, det kan lett bli tilfeldig med mange ulike nettstader og plattformer.

b) Satsingsområde natur, miljø og klima

Alle tiltaka er gode og vert arbeida med mykje med dei same tema i Alver.

I tiltaket «Ut i naturen» er det avgjerande at prosjektet vert i tett samarbeid med kommunane. Det pågår mykje godt arbeid i Alver med dette tema. Det er viktig at vi ikkje gjer dobbeltarbeid, eller ikkje kjenner til kvarandre sine prosjekt. Mellom anna arbeider Alver kommune med ein strategi for grøn mobilitet, der vi gjerne inviterer med biosfære i arbeidet. Vi ynskjer i samarbeid og ved bruk av statusen som UNESCO biosfære å utvikle tiltak knytt til tema i lokalsamfunna. Dette kan vere med å styrke folkehelse gjennom nye turmål for folk.

- Alver kommune skal i samarbeid med dei andre kommunane i Nordhordland arbeide med ein interkommunal plan for sjøområda. Organiseringa av dette arbeidet er i gang. Rådmann

ser ikkje at dette prosjektet treng løftast fram som eit eksempel på ei satsing som byggjer opp under tema natur, miljø og klima. Biosfære vil vere ein samarbeidspart som andre aktørar.

- Alver kommune har mange mindre gardsbruk som det er knytt opplevingsbasert næring til, det kan vere lokalmat produksjon, gardsbutikkar, overnatting eller bruk av garden sine resursar til dømes i undervisning. Alver kommune ynskjer å legge til rette for og skape gode rammevilkår for desse gardbruka. Alver meiner desse tiltak er i samsvar med punkt under natur og miljø. Vi oppmodar UNESCO biosfære i samarbeid med kommunen, landbruket og fylkesmannen til å utvikle fellesprosjekt, der vi kan sjå på desse område i samanheng. Slik kan vi medverke til at det blir enkelt for grunneigar å forvalte kulturlandskapa, drive med sal av lokal mat og utvikle garden basert på naturen sine resursar.

c) Kunnskap og læring

Dette er eit av det mest sentrale tema i arbeidet med å utvikle biosfæreområde i Nordhordland. Biosfære er eit vanskeleg tilgjengeleg omgrep. I tillegg er dette det første område i Norge, og vi er usikker på kva det i praksis betyr for Alver buen sin kvardag. Biosfæreprosjektet vil ha eit særskilt ansvar for å knytte forskingsmiljøet, næringslivet og kommune saman i prosjekt knytt opp mot tema i biosfæreområde.

- Prosjektet «Klimabonden» er eit praktisk retta utgreiings- og informasjonsprosjekt som fører til auka kunnskap om meir miljøvenleg matproduksjon, tilpassa eit endra klima. Dette er eit prosjekt som landbrukskontoret i Alver har vore involvert i. Det er eit viktig tema i tråd med klimaendringa og meir fokus på lokal matproduksjon. Rådmann ynskjer at det vert eit fokus på vidare arbeid med dette, og med høg grad av kunnskapsdeling om prosjektet.

- Tiltaket «Ung i biosfæreområdet UNESCO-skular. Tiltaket er godt, men dersom det skal la seg gjennomføre bør det ha ei sterkare grad av samarbeid med skular og skuleeigar. Dette bør synleggjerast under roller. Alver vil gjerne samarbeide med prosjekt retta mot barn og unge, knytt til forståing av kva biosfæreområde er, og korleis vi kan arbeide saman for ei god berekraftig utvikling. Det er og ein del av kommuneplanarbeidet vårt.

d) Satsingsområde Grøn verdiskaping

Alver kommune har vore ein pådrivar for å sette i gang nye utviklingsprosjektet i samarbeid med næringslivet som kan bidra til grøn verdiskaping og nye arbeidsplassar i kommunen.

- Prosjekt frå avfall til ressurs er eit prosjekt Alver har vore involvert i. Vi ynskjer at dette tema med tiltak innan sekulær økonomi vert prioritert i vidare arbeidet med biosfære Nordhordland.

- Prosjektet «Smaken av Nordhordland», eit nettverk for lokalmatprodusentar med fokus på produkt, kompetanse og marknad bør halde fram. Biosfære bør ha det overordna samordningsansvar for å drive prosjekt vidare.

- Green Spot Mongstad og Grøn konkurransekraft er to større utviklingsprosjektet innanfor sirkulærøkonomi og berekraftig bruk av fornybare og ikkje-fornybare resursar i Nordhordlandsregionen.

- Biosfære har tidlegare hatt fokus på ull og ullruta, som eit berekraftig prosjekt som kan bidra til revitalisering av lokal kultur, tradisjonar, handverk og historie. Dette er prosjekt som bør halde fram både med omsyn til reiseliv og ullrute, og med nytt fokus på å ta i bruk nye innovative metodar for bruk av ull i ulik produksjon.

e) Satsingsområde møteplassar og kommunikasjon

- Rådmann meiner at tiltak knytt til formidling og kommunikasjon om kva biosfære område er, er i særleg viktig at UNESCO- biosfære arbeider med. Tiltak med å etablere dialogarena og møteplassar bør vidareutviklast. Det bør etablerast tverrfaglege nettverk med ein tydeleg agenda knytt mot biosfære.
- Biosfæreområdet skal inspirere aktørar til å setje i gang eigne prosjekt som samsvarer med verdiane i biosfæreprogrammet. For å få dette til må det på plass eit formalisert samarbeid. Her bør prosjekt biosfære styrke si satsing. Det bør etablerast nettverk der folk frå ulike institusjonar og organisasjonar møtes og drøfter problemstillingar og utviklingstema knytt opp mot UNESCO sitt biosfæreprogram. Alver kommune vil gjerne delta i eit slikt nettverk og meiner det må på plass snarleg.

Oppsummert

Alver kommune ser positivt på at det er utarbeida eit strategidokument for UNESCO – biosfæreområde i Nordhordland. Det er eit godt og strukturert dokument som kan gje tydeleg retning til arbeidet med biosfæreområde.

Vi meiner at strategidokumentet er med å gjere tydelegare kva eit biosfæreområde er for noko. Mykje av planverk som vert utarbeid dei næraste åra innan for biosfæreområdet kjem til å dreie seg om korleis me omsett berekraftsmåla til å gjelde oss. På same vis vil me tru at verknaden av å vere eit biosfæreområde må formast slik at det vert begripeleg, handterbart og meningsfylt for oss som bur her.

For Alver kommune kan ein godt seie at vi har leita, og framleis er søkjande, etter kva eit biosfæreområde er, korleis det kan påverke oss og kva vi kan gjere for å bruke denne statusen og verktøyet på eit nyttig vis for nærmiljø våre.

Vi ser at strategidokumentet i stor grad har oppbygning og innhald som ein del av kommunal samfunnsplan. Vi vil peike på at alle samfunnsplanar som vert utarbeidd næraste åra vil mykje vere basert på berekraftsmåla og i utgangspunktet søkje og omsette desse til lokale tilhøve. Alver kommune har sendt planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel på høyring. Mykje av dei same mål og strategiar er satsingsområda i kommuneplanarbeidet vårt. Tema strekkjer seg og over kommunegrensar og handlar om korleis vi saman skal arbeide for ei berekraftig utvikling. Dette er sentrale punkt for å skape gode lokalsamfunn, og bygge identitet som og Alver kommune arbeider med. I planprogrammet til samfunnsdelen er det særleg fokus på folkehelse. Alver ynskjer gjennom sitt planarbeid og handlingsprogram å bidra til at vi har attraktive lokalsamfunn gjerne i samarbeid om prosjekt knytt til biosfære.

Strategidokumentet vil vere eit verktøy for samhandling i biosfæreområdet. Satsingsområde møteplassar og kommunikasjon vil vere sentralt for biosfæreprosjektet, her er et biosfære

I handlingsprogrammet til strategidokumentet bør det tydeleggjerast enda meir kva ressursbruk og framdriftsplan som er forventa i dei ulike tiltaka. Slik vil vi får ei felles forståing mellom dei ulike aktørane som skal bidra inn i prosjekta.

Alver kommune vil understreka kor viktig det er med eit felles nettverk og samarbeid for å få gjennomført tiltak som er omtala. Skal vi lukkast med å setje Nordhordland på kartet gjennom bruk av UNESCO sitt Biosfæreprogram, må vi formalisere og konkretisere korleis vi skal arbeide saman og kven som har ansvar for dei ulike prosjekta som vert etablert.

Vedlegg i saken:

28.05.2020	Høringsbrev strategi for Nordhordland UNESCO biosfæreområde	1397794
28.05.2020	Strategidokument for Nordhordland UNESCO Biosfæreområde 2020-2024	1397793

Arkiv: FE-033
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 29.05.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
039/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020

Meldingar og orienteringar til OKK - 08.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Orienteringar:

Dagsturhytter – løypemelding v/Eirik B. Utne-kultursjef